

Hufthammar

FRÅ FJORDFISKE TIL RINGNOTFLÅTE



«Naturen er vår arbeidsgjevar, det må me ikkje gløyma.»

Austevoll har alltid vore ein av dei store fiskerikommunane. Særleg når det gjeld notfiske, har Austevoll lege langt framme. Etter krigen hadde snurpenota overteke heilt for landnota. Ingen kommune i landet hadde fleire snurpenoter enn Austevoll i 1948. I dei gode sildeåra som følgde, satsa austevollingane meir enn nokon andre på dette fisket, og i 1960 hadde Austevoll ein snurpenotflåte som utan samanlikning var den største i landet. Dette var utgangspunktet då dei byrja ta i bruk krafiblokk i notfisket kring 1962/63. Krafiblokka gjorde det mogleg å fiska med større noter, og ho gjorde også havfisket tryggare. Overgangen frå den kystgåande snurpaflåten til den havgåande ringnotflåten kom som ein teknologisk revolusjon, så å seia over natta. I denne utviklinga var Austevoll i fremste rekkje, og kommunen hadde såleis i 1967 ein ringnotflåte som var mest dobbelt så stor som nokon annan kommune. Det er ikkje tilfeldig at Fiskar-fagskulen ligg nettopp i Austevoll.

Mest all gardsdrift i Austevoll har vore kombinasjonsdrift med fiske som hovudnæring. Gardsbruka i kommunen er difor små, sjølv i vestlandsk målestokk.



Hufthammartunet er i dag restaurert og sett i stand som bygdetun.

På garden HUFTHAMMAR, heilt nord på Huftarøy, er mykje av det gamle tunet teke vare på. Eldste bygningen på tunet er ei røykstove frå 1600-talet. I 1815 vart det flytta ei bu med loft til garden, og ho vart bygd saman med røykstova, med kjøkken og gang i mellom. Seinare vart det også bygt på ark.

Det har budd folk i huset like fram til 1970. Bygningen har gjennomgått ombyggingar og moderniseringar, i takt med endra krav til bustaden gjennom tidene. Denne eine bygningen viser oss såleis 300 års utvikling i byggeskikk og bustandard.

Nyastova er ei lemstove frå 1854. Elles på tunet er det løe med fjøs frå kring 1820, eit stabbur som truleg er frå 1700-talet, og potetkjellar frå før 1850.

Bygningane i Hufthammartunet gjev oss eit nærbilette av levekåra for fiskarbonden, og kanskje særleg for fiskarkona. □

Fiskeriskapane gjev oss eit bilete av gamle fangstmetodar.



HEILAGSTADEN PÅ EIDSBØEN

Der skule- og idrettsanlegget på EIDSBØEN no ligg, var det før ei myr med knausar kring. For meir enn 1000 år sidan var dette ein heilagstad, der dei døde vart gravlagde.

På knausane kring myra har det lege minst 5 gravrøysar. No er berre to att. Den eine ligg som ein liten rest av ei steindyngje. Den andre vart granska for nokre år sidan og er no restaurert. Her fanst restar av ei steinkiste, men grava var plyndra og øydelagd for lenge sidan. Eit spinnehjul frå ein handtein som gravrøvarane ikkje fann, syner at den døde var ei kvinne. Ho har truleg budd på ein av gardane her ein gong i yngre jernalder, for mellom 1000 og 1400 år sidan.

I myra er det funne mange tresaker, mellom anna emnestykke til skåler og auser. Mest truleg har det her ein stad halde til ein treskjerar som har bruka myra til lager for halvferdige emnestykke. Av ein eller annan grunn har han vorte hindra frå å henta dei att. Kan hende var han ein av dei som låg i gravrøysane ved myra?



Emnestykke til skåler og auser.